

**Notat**Dato: 26.10.2017  
Arkivsak: 2017/16565-1  
Saksbehandlar: fromann

---

<b>Til:</b>	Administrasjonsutvalet Hovudarbeidsmiljøutvalet
<b>Frå:</b>	Fylkesrådmannen

---

**Medarbeidarundersøking 2018 - informasjon om gjennomføring**

Januar 2018 gjennomfører HFK medarbeidarundersøking for alle tilsette. Dette er tredje gongen vi administrerer denne typen undersøking. Første gong var i 2014 og sist var 2016.

Undersøkinga er ei viktig temperaturmåling av korleis dei tilsette opplever sentrale forhold knytt til mellom anna arbeidsplassen, jobbinnhaldet og leiarskapen, og dannar utgangspunkt for vidare utvikling.

Medarbeidarane vert invitert til å svare på undersøkinga frå 9. januar. Som tidlegare vert undersøkinga gjennomført elektronisk via e-post til kvar tilsett. Svara går direkte til ekstern leverandør Rambøll Management Consulting, som har dokumentert erfaring med slike undersøkingar frå både privat og offentleg sektor. Rambøll utarbeidar rapportar for alle avdelingar og einingar og garanterer full anonymitet for alle respondentar. Frå HFK si side er det faglege ansvaret lagt til Bedriftshelsetenesta ved organisasjonspsykolog Gina H. Landro.

**Vil måle utvikling**

For å kunne samanlikne og måle utvikling vil spørsmåla vere dei same som sist. Undersøkinga byggjer på ein standard modell og eit godt utprøvd sett med spørsmål. Desse er tilpassa HFK sin organisasjon og verksemd. Det er eit krav om minimum fem respondentar frå ei eining for at leiar skal få ut svarrapport.

Deltakinga frå dei tilsette har vore svært god dei føregåande åra, 83% av dei tilsette svarte på undersøkinga i 2014 og heile 89% i 2016. Om vi klarer å få same høge svarprosent i 2018 så er vi nøgde. Alle leiarar har ei viktig oppgåve med å motivere og oppmode medarbeidarane til å svare. Det vil bli gitt tilgang til eit eige svarbarometer på nett, der leiarane kan følgje med på svarprosenten for si eining.

Nokre einingar i HFK står framfor store endringar og omplasseringar av tilsette. Det har kome spørsmål om det er relevant for desse å svare på undersøkinga no. Svaret er at **alle** tilsette skal få høve til å svare på MU, uavhengig av korleis framtida blir. Både leiarar og tilsette kan ha god nytte av å sjå resultatata og delta i drøftingane etterpå, sjølv om dei kanskje ikkje skal jobbe i same eining til hausten.

**Resultata klare i februar**

Resultata av undersøkinga kjem frå 16. februar. Først får Fylkesrådmannen og toppleiargruppa presentert ein overordna rapport for heile organisasjonen. Deretter vil resultata bli drøfta i HAMU. Etter at både toppleiargruppa og HAMU er orientert får alle einingar v/leiar tilgang til å hente ut sin eigen rapport frå nettportalen til Rambøll.

### **Hjelp og støtte til leiarane**

Oppfølginga av medarbeidarundersøkinga vert som før eit ansvar for den einskilde leiarane. Det er krav til å utvikle mål og tiltak både for bevaring og forbetring. Fylkesrådmannen legg vekt på at leiarane skal få god hjelp og støtte i den lokale utviklingsprosessen. Tiltak for å understøtte dette er mellom anna:

- Presentasjonsmateriell som kan nyttast i forkant av undersøkinga vert sendt ut til leiarane
- Teknisk hjelpetelefon hos Rambøll for leiarar og medarbeidarar under heile undersøkningsperioden
- Eige svarbarometer på nett for kvar eining, slik at ein lokalt kan minne tilsette om å delta
- Bakgrunn og informasjon på intranett
- Oppfølgingsguide med gode råd og tips til alle leiarar
- Ressurspersonar frå HR-seksjonen og Opplæringsavdelinga vil vere tilgjengelege for hjelp i det lokale oppfølgingsarbeidet
- Malar for utarbeiding av handlingsplan vert lagt ut i Kvalitetsportalen. Ein kan velje å la tiltaka inngå i lokal HMS-handlingsplan, eller nytte eit eige plandokument for oppfølginga.